

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnent. 10

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: *Lynging og Mosing.*Oppskr. av: *Jørgen Fægge*(adresse): *Mås*Fylke: *Telemark*Herad: *Kviteseid*Bygdelag: *Brunkeberg*Gard: *Heggtoeit*G.nr. *103* Br.nr. *1*
*Eller far, og fleire gamle*A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *Som eg hev hørt med.*

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Lynging.

• *Av å skjira lyng "som dei sa her
no folk slutta med. Ja de høver i
visse år når de er lite noe høy, då
høver de at dei drag på skogen og skjir
lyng. For i tid va de eit godt
hjelpemiddel saman med dei andre
forslag. Det hev vore brukt attinde
i frå langbestefars tid i fyrstningi
av 1800 talet, og sikkert lenger og.
H. Lyng blir sanka.*

*Tom ovanfor nevnt er det bare i
dårlege høyar dei skjir lyng te for.
Men under den seinste krigen va
de nok dei som måtte draga på skogen
og de va då tyskrane rekvirera høy.*

2. *Når dei drog av å skar lyng, var
de for det meste om våren når de
var flekkesno. Då høysten minka
måtte dei te å halda innåt, som dei se.
Dei kalla dette arbeide for, "av å skjira
lyng."*

3. *Tom regel va de brukt skjira i gamal
tid, men dei brukt å vanleg gå.*

Skjere sag slik ut:^{2.}

4.

Både karar og kvende reiste på skogen etter lyng. Dei skiffes om etter som dei ha tid til.

5.

Lyngi laut standa ein 3-4 år so den fekk rekka ut alt. Men de va no store viddor mange staer og nokk å taka av.

6-7.

På some staer slo dei lyngi i håballer det er tida millom våroni og slåtten. Dei turka den og kjørde den heim og la den i ein skål. Dei skar då som regel med seg både slik, bregna, bjørnakorn, og lot det blandas saman.

Lyngi var rekna for godt for, då særlig bustelyng. Den var halden for den beste i feitstoff.

B. Lyng som beite.

1. I reint skrale forår laut dei mange stader sleppa kjerne ut på skogen, so dei fekk eta lyng sjølve. Det var då lyngi var fri for snø, men fyr åna gras ha kome fram. Feitarne kleiv no i bergi alt frå tidleg om våren so dei ha god berging. Kjerne ha nok ikkje so stor næring i de dei fann men det var no ei skrovfyld likevel, on de bli mindre i bytta.

Mosen var sankt saman om hausten for klaken kom i marki. Det var både kjy og kalvar som fekk den, den mindre til dei andre småkroturi. De var amindeleg for alle de å draga på skogen etter mose, for i tid. På some heigarar vert den nok bruka ved sida do og, der dei hev små bruk og mindre for.

Under den svenske verdenskrigen for mange på skogen etter grise-mosen, det va då so lite med kraftfor. Den vert som ein stiv velling når den vert koka. Denne reinsdyrmosen (grisemosen) var so god for kalvar dei va so feite å fin. når dei fekk den. No sankar dei mindre mose, dei far no kaupt meir med kraftfor.

2.


For sankar dei mose so dei ha mest heile vetteren.

3. De ha ikkje so myki å sei om vare var vitt når dei grov mose, den fladde då bare frå bergi.

4.

De va på kvinnor og menn som va etter mose, helst ette slåttonna om hausten.

5.

Dei grov mosen saman med ei tre-rive som  sag slik ut, og bar

den saman i store satar hell hauger

6. Dei tok aller heim mosen for om vetteren på føre.

7. Dei sette upp store mosasåtar, som likna ein annan høystakk. Imitten tok dei og sette ein staur te å vise kvar mosen lag om snov var for stor.

Dei frakta den heim på vetterførd etter jol. Dei både drog å kjøyrde. Mosen var då klaka te store klompar. Det var ikkje so vanskeleg å få den te ligge, dei ha no for de meste grindar på sledar. Når dei kom heim med den velte dei den berre av, å når dei skulde bruke den slo dei bare hilt vatn på klomparne. Dei blanda mosen saman med byggagner, eplegras og aisse andre forslag. Dei ha på byggmjöl, og ströyde på litt salt. Kjerne lika desse høysorne svart godt, og mjölka bra.

Annan mose.

Dei brukte og andre mosartar, men de va no denne reinsmosen som grise og lika best, difor var det mest den som va brukte mest.

8.

De var og mange som fann lav av oråktrel og ha i lag med i høysone.